

# Skulebruksplan



2025 - 2031

20.11.2024

Kommunedirektøren

# Innholdsliste:

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
1.1. Føremål og bakgrunn for revidering .....	3
1.2. Oppsummering .....	3
1.3. Prosess og involvering.....	4
<b>2. Rammer.....</b>	<b>6</b>
2.1. Det fysiske miljøet.....	6
2.2. Tilpassa opplæring og inkluderande praksis .....	6
2.3. Uteområde .....	7
2.4. Skulefritidsordning (SFO) .....	7
2.5. Skuleveg og skuleskyss.....	8
2.6. Skulen som møteplass i nærmiljøet .....	10
2.7. Skulestørleik – forsking på samanheng mellom skulestørleik og elevane sin trivsel og læring	11
2.8. Folkehelse og arbeidsmiljø.....	12
2.9. Kringsgrenser og nærskuleprinsippet .....	13
2.10. Nedlegging av skular og endring i kringsgrenser .....	14
2.11. Andre opplæringstilbod .....	15
<b>3. Barnets beste-vurdering.....</b>	<b>16</b>
3.1. Konsekvensar for barn .....	16
3.2. Kunnskap om kva barn sjølv meiner .....	17
3.3. Tiltak for å trygga elevar ved endringar .....	19
3.4. Vurdering .....	19
<b>4. Berekraftig organisering.....</b>	<b>21</b>
<b>5. No-situasjon og behov .....</b>	<b>23</b>
5.1. Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune.....	27
5.2. Skulekapasitet .....	27
5.3. Elevtalsframskrivingar.....	28
5.4. Kostnad til drift og utbetringsbehov skulebygg.....	30
5.5. Basseng .....	31
<b>6. Framtidig skulestruktur .....</b>	<b>32</b>
6.1. Framlegg til endringar i trinn 1 .....	32
<b>7. Vedlegg.....</b>	<b>36</b>
<b>8. Kjelder .....</b>	<b>36</b>

# 1. Innleiing

Kommunane har ansvar for grunnskuleopplæringa og skal syta for tenlege grunnskular. Bømlo skal ha gode og likeverdige skuletilbod som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring for den einskilde, og som medverkar til berekraftige og attraktive nærmiljø. Skulebruksplanen skal gje eit kunnskapsgrunnlag for planlegging og tilrettelegging av det fysiske læringsmiljøet ved skulane i kommunen.

## 1.1. Føremål og bakgrunn for revidering

Bømlo har ein skulebruksplan som gjeld for perioden 2014-2025. Arbeidet med rullering av planen vart gjennomført i 2021-2022, men i det politiske vedtaket i juni 2022 vart forslaga til endring ikkje vedteke. Målet var då å laga ein skulestruktur som hadde berekraftige kostnadar for drift av grunnskulane, og at mest mogleg av midlane som går til skule skulle nyttast til å styrkja innhaldet i skulen. Arbeidet med rulleringa var grundig og det var ei omfattande involvering og medverknad frå alle aktuelle interessentar.

I kommunestyrevedtaket 17. juni i sak 35/24 fekk kommunedirektøren mandat til å setje i gong ein ny prosess tidleg hausten 2024 for å greie ut aktuelle endringar i skulestruktur. Bakgrunnen var kommunen sin økonomiske situasjon kombinert med demografiske endringar framover. Oppdaterte tal for elevar i Bømloskulen viser ein tydeleg nedgang i elevtalet dei neste åra, og dette må få følger for skulestrukturten. Målet med prosessen er å kome fram til ein plan som kan handsamast i desember 2024. På grunn av kort tid til å utgreie aktuelle endringar vert framlegga til endringar presentert i to trinn. Til handsaming i desember vil kommunedirektøren fremja forslag i stor grad basert på utgreiinga som vart gjort i 2022. I 2025 vil fleire framlegg til endringar bli utgreidde og fremja. Denne planen har ein kortare tidshorisont og vil byggja på meir kjende tal på elevar i skulane.

Endringar i forskrift om krinsgrenser vert lagt fram som ein konsekvens av endringar i skulestruktur.

Arbeidet med skulebruksplanen har konsentrert seg om å:

- sikra at Bømlo kommune har gode, funksjonelle bygg som er tilpassa elevtalet
- skapa gode og likeverdige fysiske læringsmiljø for elevane i kommunen
- sikra at ressursane vert brukte effektivt og optimalt, både økonomisk og i forhold til pedagogiske mål.
- sjå framover i tid når det gjeld utvikling og vedlikehald av skuleanlegg og skulestruktur for å sikra at organiseringa av skulane framleis møter behova til skulen og samfunnet den tener.

## 1.2. Oppsummering

Med bakgrunn i redusert elevtal og innsparinger i økonomiplanen for 2025-2028 vil kommunedirektøren fremje endringar i skulestrukturen i Bømlo kommune. Det er fleire omsyn som må takast når kommunen skal planleggja for ein berekraftig skulestruktur framover. Dei elevane som opplever at dei må byta skule vert direkte påverka av endringane, og dei føresette og bygda elles vil oppleva eit tap om skulen vert

lagt ned. Likevel må skuleeigar sørga for likeverdig rett for alle elevane i kommunen til læring, utvikling og tildeling av knappare ressursar til å驱iva opplæring. Fram til no er nedskjeringar gjort med reduksjonar i tiltak og rammetimar for alle skulane. Det er ikkje forsvarleg å ta fleire slike kutt utan at ein bryt lærarnorma ved skulane.

Skulebruksplanen vert fremja i to trinn for politisk handsaming. Årsaka er at det er kort tid sidan førre rullering av planen i 2022, og med avgrensa tid til utgreiing, vil første trinn byggje i stor grad på det som vart utgreidd og fremja sist, og som kan gjennomførast allereie frå skulestart i 2025. Andre trinn av planen vert fremja i 2025 og vil leggje fram endringar som bør gjennomførast seinare. For å utnytta kapasiteten i skulebygga og unngå investeringar, må endringane gjennomførast når elevtalet er redusert.

Kommunedirektøren fremjar forslag om å samla alle ungdomskuleelevarane på Bremnes ungdomsskule, i første omgang ved å flytta elevarne frå Hillestveit til BUS hausten 2025. Elevtalet på Moster skule går ned og i 2030/31 vil det vera 67 elevar på ungdomstrinnet. Då vil det vera mogeleg å flytta desse til BUS utan at ein må byggja ut skulen.

Kommunedirektøren fremjar forslag om nedlegging av Foldøy skule. Den nærmaste skulen er Svortland skule, og skulen har kapasitet til å ta i mot elevarne frå skulestart 2025/2026.

Det andre trinnet av skulebruksplanen vil innehalde fleire forslag til endringar i barneskulen. Dette vart ikkje vurdert i 2022. Difor treng administrasjonen meir tid enn hausten 2024 til å utgreie og involvera aktuelle skular og bygder i ein medverknadsprosess.

### 1.3. Prosess og involvering

På bakgrunn av bestillinga om endringar i skulestruktur allereie i 2025, og sidan det er kort tid sidan sist framlegg til ny skulestruktur, er prosessen kortare enn sist. Den varetok dei lovkrav som er til informasjon og høyring samt til involvering av aktuelle partar.

Utval for levekår er styringsgruppe for planen og kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett samt rådgjevar for skule og elles stab innan sektoren har arbeidd med planen.

Juni	Planarbeidet vart varsle gjennom informasjon på nettsida til kommunen Drøfte planarbeidet i HMS-møte - innspel
August/september	Internt arbeid med planen, involvering av skuleleiargruppe, HMS-møte, AMU
September	Informasjon om prosess i Levekår 3.9 - innspel
Oktober	Informasjon om høyringsutkast i styringsgruppa (Levekår 1.10) Felles informasjonsmøte i kommunestyresalen 3.10 Planen vert sendt på høyring fram til 15.11
November	Drøfting av høyringsinnspel i styringsgruppa Skrive endeleg saksutgreiing 15.11-22.11
Desember	Politisk handsaming i kommunestyret 2.12

Medverknad internt vert gjennom leiarmøte, HMS-møte og ungdomsråd samt gjennom dei ulike råd og grupper som er etablert på skulane (elevråd, FAU, SU).

Informasjon eksternt vert vareteke ved kommunen si nettside, Facebookside og på felles informasjonsmøte. Planen vert sendt på ei open høyring der alle har høve til å koma med sine innspel til planen.

Ved førre framlegg til rullering i 2022 vart det gjennomført brei medverknad både internt for tilsette og elevar, gjennom folkemøte i krinsane og ein brei høyringsrunde. Dei innspela som kom fram då vart tekne med i førre plan som ligg ved saksutgreiinga også denne gongen.

## 2. Rammer

Tekstane i kapittel 2 er skrivne med bakgrunn i opplæringslova, relevante nasjonale, regionale og lokale føringar, som til dømes kommunen sitt planverk. Det er ny opplæringslov som gjeld frå 1. august 2024 og dei nye omgropa i lova vert nytta i denne planen.

### 2.1. *Det fysiske miljøet*

Opplæringslova regulerer kommunen sine plikter knytt til grunnskuleopplæringa og §12-2 seier at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring», og vidare i §12-7 at «Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det leggjast til rette for dei elevane ved skolen som har nedsett funksjonsevne».

Det fysiske læringsmiljøet skal støtta opp om læringsprosessane til elevane. Estetiske kvalitetar ved skuleanlegga påverkar opplevinga av tilhørsle og av å vera verdsett. Forsking syner klar samanheng mellom bygga sin standard og elevane sitt læringsmiljø og resultat. På Bømlo har me flest skular som er relativt nye og har hatt godt vedlikehald. Unntaket er Våge skule som har store avvik på fysisk innemiljø og der det er gjort mellombels tiltak for å betra luftkvaliteten. Godt vedlikehald signaliserer til elevane at skulen er viktig og at dei vaksne bryr seg om deira kvardag.

Fleire stortingsmeldingar har i seinare tid peika på kor viktig det er at elevane får høve til å vera fysisk aktive i løpet av skuledagen, og at det er tilrettelagt for leik og kreativitet både inne og i uteareala. Dei treng spesialrom til praktisk/estetiske fag, skulebibliotek og eigna areal til tilrettelagt opplæring.

### 2.2. *Tilpassa opplæring og inkluderande praksis*

Alle elevar har rett til tilpassa opplæring i størst mogleg grad innan klassen ved hjelp av variasjon og tilpassing. Ein del elevar på kvar skule har rett til ekstra tilrettelegging for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette kan etter ny opplæringslov vera gjennom individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse eller ved fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. Skulane må ha tilstrekkeleg kapasitet på rom til å driva tilpassa opplæring og ulike former for tilrettelagt opplæring.

Bygningar og uteområde i eit skuleanlegg skal vera tilgjengeleg for alle. Ved nybygg/rehabilitering skal krav om universell utforming leggjast til grunn.

Innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar er lagt til Svortland skule for barneskuleelevar og Bremnes ungdomsskule for ungdomsskuleelevar. På Rubbestadneset skule er det ein velkomstklasse for elevar som bur i asylmottaket. Dette er eit frivillig og tidsavgrensa tiltak som skal bidra til at elevane lærer norsk raskare og bli i stand til å følga den ordinære opplæringa. Dette er eit behov som endrar seg etter kor mange flyktningar som vert busette og om me har asylmottak i kommunen.

Bømlo har eit alternativt opplæringstilbod, Alvsvåg alternative opplæringsarena. Der får enkeltelever på barne- og ungdomstrinnet eit tilbod ein dag i veka. Dette gjeld elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av undervisninga på eigen skule og som dermed har rett på individuelt tilrettelagt opplæring.

Alvsvåg alternative skulearena har som mål å være ein ny arena der elevar kan prøva ut nye roller og oppleva ei positiv utvikling. Alle elevar skal få meiningsfulle oppgåver tilpassa sitt eiga nivå, og oppleva meistring kvar dag. Det meste av læringa skjer gjennom praktisk tilnærming, der sosialpedagogikk går hand i hand med læring av kompetanseomål frå kunnskapsløftet.

## **2.3. Uteområde**

Uteområda på skulane må vera trygge og tilgjengelege for alle elevar, inkludert elevar med funksjonsnedsettingar. Vidare bør uteområda fremje fysisk aktivitet og leik, med varierte leikeapparat, banar og opne område. Alle skulane på Bømlo har areal på eller over anbefalt norm for uteareal. For nokre av skulane vert dette oppfylt gjennom idrettsanlegg eller naturområde som skulen disponerer i skuletida. Alle skulane har kort veg til natur og stiar som kan nyttast både til fysisk aktivitet og til arbeid med kompetanseomål i fag.

## **2.4. Skulefritidsordning (SFO)**

SFO er eit tilbod til alle elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med spesielle behov også på 5. til 7. trinn. SFO-tilboden blir gitt før og etter skuletid og har ei opningstid på 9 timer inklusiv skuletida. Dei fleste skulane har ei opningstid frå kl. 07 til kl. 16.

I skuleferiar er det felleskommunal SFO ved Svortland skule. Dette er eit tilbod til heile kommunen. Det er eit krav at det minst er 5 brukarar for at skulen skal laga eit tilbod.

Regelverket for skulefritidsordninga seier at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning, men opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i skulefritidsordning, heller ikkje barn med særskilde behov. Det er ikkje ein del av opplæringstilboden.

SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Ordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode moglegheiter for utvikling. Nærmiljøet og naturen kring skulen utgjer ein viktig ressurs, og det skal leggjast til rette for flittig bruk av desse områda.

I praksis vil dette seia at barna får høve til leika inne og ute, åleine eller i gruppe, dyrka ein hobby eller ei interesse, gå på tur, oppleva kulturell aktivitet, øva seg i samarbeid med fleire aldersgrupper, kvila eller gjera lekser.

Det er 428 elevar som har eit slikt tilbod skuleåret 2024/2025. Dette utgjer ca. 86% av elevane på 1. til 4. trinn (500). Dei fleste går på 1. -3. trinn og det er få elevar frå 4. trinn. Dette har samanheng med at regjeringa frå hausten 2024 har vedteke gratis SFO tilbod for elevar i 1. – 3. klasse 12 timer pr. veke.

SFO eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.-7. klasse	Total
Foldrøy	7	6	2	5	0	20
Gilje	6	12	8	6	0	32
Hillestveit	2	2	9	5	0	18
Meling	25	27	30	11	0	93
Moster	27	23	18	4	1	73
Rubbestadneset	26	22	15	4	0	67
Svortland	28	33	31	2	0	94
Våge	11	9	11	0	0	31

Areal inne og ute må vera tilpassa SFO-aktivitetane. Dei fleste skulane på Bømlo er bygd før SFO-tilbod vart lovfesta. Skulefritidsordning og skule praktiserer høg grad av sambruk av areal, noko som gir effektiv arealbruk og moglegheiter for varierte aktivitetar i SFO, men som er utfordrande når arealet er knapt. Sidan førre skulebruksplan er det reist nybygg og gjort oppgraderingar ved Rubbestadneset, Meling, Foldrøy og Hillestveit. Moster og Gilje har tilfredsstillande fasilitetar. Svortland og Våge har ikkje eige areal til SFO. Ved Svortland skule har dei no om lag 90 elevar som får eit SFO tilbod, og arealet dei nyttar er i stor grad klasseromma og gymsal i tillegg til uteområdet.

## 2.5. Skuleveg og skuleskyss

Både nasjonale og regionale planar for folkehelse har mål om at flest mogleg av elevane skal kunne gå eller sykla til skulen for å auka kvardagsaktiviteten. Då trengs det trygge gang- og sykkelvegar. I planlegginga av ny skulestruktur må trygg skuleveg og utbygging av gang-/sykkelstiar ha høg prioritet. I tillegg er det ein fordel om ein vurderer korleis snarvegar som turstigar og barnetrårkk kan vera trygge skulevegar.

I Bømlo kommune er det mange barn som må nyitta skuleskyss fordi vegen er for lang eller for farleg. For dei som er avhengige av kollektivtransport, er det viktig at tilbodet tidsmessig er tilpassa skule og fritidsaktivitetar, og at det er tilfredsstillande kapasitet, slik at elevane får ein trygg og effektiv transport.

Fleire elevar enn ønskeleg blir køyrde av foreldra til skulen. Det er ulike årsaker til det, t.d. at skulen er same veg som mor/far sitt arbeid, at vegen er trafikkfarleg, at det er for langt å gå eller sykla, at det er raskast eller at det sparer tid for dei vaksne. Det er lett å forstå at foreldre vel å køyra barna til skulen dersom skulevegen ikkje er trygg. Når fleire blir køyrde, blir trafikksituasjonen rundt skulen verre, noko som gir ein negativ spiral. For å endra dette mønsteret må kommunen ta grep, både ved skulevegane og på skuleområdet. I tillegg må det leggjast vekt på trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid. Bømlo er ein trafikksikker kommune og alle skular har ein trafikksikringsplan. Denne må jamleg gjerast kjent for elevane og dei føresette for å førebygge uønskte hendingar.

Desse elevane kan få innvilga skuleskyss:

- 1. klassingar som bur minst 2 km frå skulen (fylkeskommunalt vedtak)
- 2.-10. klassingar som bur minst 4 km frå skulen (fylkeskommunalt vedtak)
- Elevar som har kortare avstand enn 2 km eller 4 km, men der skulevegen blir vurdert til å vera særleg farleg eller vanskeleg (kommunalt vedtak).
- Elevar med varig eller midlertidig funksjonshemming/sjukdom kan ha rett på skyss mellom skule og heim uavhengig av reiselengde (fylkeskommunalt vedtak, medisinsk skyss).

Alle elevar som har kommunale vedtak om gratis skuleskyss har dette enten fordi kommunen har definert vegen som særleg eller middels farleg (klasse 1 og 2) eller fordi det etter søknad er gjort ei individuell vurdering av objektive vilkår (vegen) og subjektive vilkår (eleven).

All skyss vert organisert av Skyss (fylkeskommunen). Økonomisk ansvar og kostnad avheng av skyssgrunnlaget og om transport vert gjennomført med buss eller taxi. I utgangspunktet betaler kommunen personsats for buss. Frå 01.08.2024 er personsatstakst for barn i Vestland 24 kr. Med to turar per dag og 190 skuledagar vert utgift per elev 9120 kr i året.

Det er elevar som har fått kommunale vedtak om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg på strekningar under 2 eller 4 km. Den kommunale trafikksikringsplanen har klassifisert strekningar i Bømlo som særleg farleg skuleveg.

Der denne skyssen skjer med offentleg transport, er kostnaden den same som personsatstakst for barn. Det vil sei same kostnad som kommunen sin eigenandel av skysskostnader for elevar med rett til gratis skuleskyss på grunn av avstand. Der denne skyssen skjer med drosje, er kostnaden pr tur kr 169. For elevar med kommunalt vedtak om skyss på grunn av farleg skuleveg der denne skjer med drosje, er års-kostnad pr elev kr 64 220.

Elevar med rett til medisinsk skyss er elevar med individuelle rettar. For desse elevane vil skysskostnaden vera den same uavhengig av kva skule eleven går på, så lenge skyssen er til eleven sin nærskule.

Ein del elevar har delt bustad og kan då ha rett til skyss frå begge eller berre den eine bustaden. Det er derfor ikkje uvanleg at elev har skyss færre enn 190 dagar. Tilbod om skyss gjeld så lenge vilkår for skyss er oppfylt og vert oppdatert løpende av Skyss. Behov for og utgifter til skuleskyss svingar frå skuleår til skuleår, men kan òg svinga innanfor eit semester.

Kostra viser at totalt 36.5% av elevane i Bømlo har skuleskyss. Ved endringar som følgje av denne planen vil fleire elevar ha rett på skyss.

For elevar som får lang veg til skulen som følgje av desse endringane er det viktig at Skyss legg til rette for ruter som størst mogleg grad går direkte.

Klassifisering skulevegar 2020 - 2024			
Skulekrins	Vegstrekning	Fare klasse	Merknad/vurdering på alderstrinn
Foldrøy	KV 1226 Myro – Foldrøy	2	
	Kryss KV 1226/1201 sør – Kryss KV 1226/1201 nord	3	
Svortland	Brekke – Sjøvollen – Laurhammarkjosen FV 5002	1	
	Kryss Sæverudsøy/Djupedalen – Laurhammar-kjosen FV5004	2/3	
	Sjøvoll – Olakjosen KV 1076/FV 4998	1	
	Alvsvågskrysset – Tverråna – Svortland sør FV 5012	1	
	Nordre Sele KV 1065 – Kryss FV 5004 Hollund	2	
Rubbestadneset	Furenesvegen PV 1007	3	
	Frå Stongarvågen nord til KV 1178	1	

Klassifisering skulevegar 2020 - 2024			
Skulekrins	Vegstrekning	Fare klasse	Merknad/vurdering på alderstrinn
<b>Meling</b>	Kryss Sørstabø – til avslutning g/s-veg i nord	2	
	Bjølleddalen – Nesse KV 1178	2	
<b>Gilje</b>	Erslandskrysset FV 541 – Gilje skule FV 23	1	
	Alvsvåg vegen KV 1173	2	
	Ådnanes vegen KV 1166	2	
<b>Våge</b>	FV 541 X Sakseid – Kanalen – Våge skule	1	
	FV 541 Lyklingskogen – Våge skule	1	<i>Vurd. på ny når ny parsell vert opna</i>
	KV 1153 Vordneskrysset – Våge skule	3	
	Vordnes – Steinsvåg KV 1154	3	
<b>Moster</b>	FV 542 Skimmelandsdalen – Moster Sparebank	1	
	FV 542 Røyksundkanalen – Skogbu	3	
	Sion – Grindhemsvågen kai – FV 5000 og KV 1111	3	
	Grindheimskrysset – Totland KV 1116 og FV 5000	3	
	Eikeland – Anglevik KV 1124 og 1125	3	
	Røyksundkanalen – Håvik KV 1130	3	
	Klubben – Håvik FV 4996	2	
<b>Hillesveit</b>	Veg til Bømmelhamn KV 1093	3	
	Veg til Kallavåg FV 4992	3	
	Veg til Eidesvik FV 4994	3	
	Veg til Andal fram til Vorland KV 1085	3	
<b>Goddo</b>	Veg til Katla KV 1193	3	

1 = Klassifisering etter TS-risiko-vurdering som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.  
 (Jf. rundskriv: Retten til skyss Udir-2-2019)

2 = Middels TS-risiko

3 = Låg TS-risiko

## 2.6. Skulen som møteplass i nærmiljøet

Skulane er viktige møteplassar i dei ulike krinsane og arealet både inne og ute vert nytta i ulike samanhengar. Ulike lag- og organisasjonar, samt privat utleige, er del av kvardagen ved skuleanlegga. Tilrettelagde uteområde som aukar aktivitetsnivået i skuletida, kan også fungere som sosiale og aktivitetsfremjande møteplassar for lokalsamfunnet.

Når skulestrukturen vert endra kan bygningar verta ståande tomme, og det må kome fram i vedtaka om kva etterbruken av desse skal vera. Her bør innspel frå grendalag og andre som nyttar skulane leggjast vekt på, og kommunen må prøva å finna løysingar for kjøp og overtaking som sikrar vidareføring av møteplassfunksjonar så langt det er mogleg.

## **2.7. Skulestorleik – forsking på samanheng mellom skulestorleik og elevane sin trivsel og læring**

Det har blitt færre og større skular i Noreg dei siste 10 åra. Dei fleste skulane har mellom 100-300 elevar, med eit snitt på 232 elevar (2022/23). I byområde er ofte skulane store og fleire storskular er komne etter at anbefalt maksimal skulestorleik vart tatt bort frå opplæringslova i 2016. Tidlegare sa lovteksten at «til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar».

I forskinga som er gjort på skulestorleik og skulestruktur med tanke på læring og trivsel i Norge, er det sprikande resultat. Det er forskarar som framhevar det eine framfor det andre på begge sider. Forsking på norske tilhøve kan ikkje vise til nokon direkte samanheng mellom skulestorleik og kvalitet på trivsel og læring. Det same gjeld skulestruktur. Det er imidlertid semje i forskingsmiljøa om at kvaliteten på det arbeidet lærarar og skuleleininga gjer, har meir å seie for elevane sin trivsel og læring enn storleik og struktur.

Senter for Praksisretta Utdanningsforskning ved Høgskolen i Innlandet publiserte i 2022 ei kunnskapsoppsummering om samanhengen mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel i grunnskulen. Rapporten heiter «Skolestørrelse og sammenhenger med elevens trivsel og læring» og er utarbeidd på oppdrag frå Hamar kommune. Thomas Nordahl skriv i føreordet til rapporten at kunnskapsgrunnlaget kan nyttast for å vurdera kva storleik på skular som ser ut til å vera føremålstenleg. Stord kommune har oppsummert funna i denne rapporten i sin plan for skulestruktur:

«Spørsmålet er kva betydning skulestorleik kan ha for elevane sin trivsel og læring i skulen. I sør og i rapporten er samanhengen mellom skulestorleik og skulefaglege prestasjoner, skulestorleik og elevane sin trivsel, og skulestorleik og mobbing vektlagt. Hovudkonklusjonen er at det i denne litteraturgjennomgangen er liten samanheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel i skulen. Det betyr at variasjonar mellom skular i liten grad kan forklara av skulestorleik aleine når det er kontrollert for andre bakgrunnsvariablar og pedagogiske variablar sin betydning for elevane si læring.»

Men, rapporten syner at det er nokre mønstre i gjennomgangen av forsking på skulestorleik som kan ha betydning for elevane sitt læringsutbyte som det er vesentleg å løfta fram, mønstre både frå skandinavisk og internasjonal forsking:

«Flere av studiene peker på en svak tendens til kurvlineære sammenhenger, det vil si at det er en svak positiv sammenheng mellom skolens størrelse og elevenes læringsutbytte opp til et visst punkt, og at det deretter blir en svak negativ sammenheng når skolene blir større. De ulike studiene peker her i litt ulike retninger, men det kan se ut til at et slikt punkt for ideell skolestørrelse ligger på mellom 500 – 700 elever for barneskoler. Samtidig er det viktig å understreke at de skolefaglige prestasjonene statistisk sett bare vil synke marginalt om skolene er større eller mindre enn dette.»

Gjennomgangen av forsking om samanhengen mellom elevane sin trivsel og mobbing og skulestorleik viser at storleik på skulen har tilnærma ingen betydning for elevane sin trivsel og omfanget av mobbing:

«Den kurvlineære sammenhengen som det er tendenser til i studier om sammenhengen mellom skolefaglige prestasjoner og skolestørrelse finnes ikke i studier som har fokus på sammenhengen mellom skolestørrelse og elevenes trivsel og omfanget av mobbing. Størrelsen på skolen forklarer alene ikke om elevene trives eller ikke trives på skolen, selv om det er en svak tendens til at elever på småskoletrinnet trives noe dårligere på skoler med mindre enn 150 elever. Skolestørrelse alene ser

heller ikke ut til å ha noen effekt på omfanget av mobbing, og innebærer at mobbing i liten grad kan knyttes til strukturelle forhold i skolen.»

Karl Jan Solstad (Nordlandsforskning) si forsking legg vekt på positive sider ved små skular. Ei kort oppsummering viser følgande (Solstad, K. T., Andrews, T., & Løvland, J., 2016):

- Europeisk forsking viser ingen systematisk forskjell mellom små og store skoler når det gjeld læring i morsmål, matematikk og framandspråk.
- Ein finn ingen systematisk samanheng mellom skolestorleik og lesedugleik.
- Vilkår for sosial læring kan vera gunstige på små skular, fordi elevane ved slike skular har breiare sosial kontaktflate på tvers av alder og kjønn.
- Elever ved fådelte skular opplever stor grad av sosial likeverd, noko som kan vera gunstig for intellektuell og sosial utvikling, som stimulerer evna til å visa omsorg og ta ansvar, og som fremmer utvikling av identitet og tilhøyre.
- Elevar ved små greneskular deltar meir i lokalt organisasjons- og fritidsliv og utviklar sterkare tilhøyre til skulen.

Det er vanskeleg når ein oppsummerer forsking å bruke argument for små eller større skular når det gjeld fagleg og sosial læring. I Kartlegging av prosjektet «Bedre læringsmiljø» (Berg, Nordahl og Aasen, 2014) vert Hattie referert slik:

«Videre er det utført en svært stor studie av professor John Hattie (2009) med tittelen «Visible learning». Hattie bygger på og oppsummerer 800 metaanalyser basert på 52 000 studier med 83 millioner elever. Han understreker at betingelser knyttet til skolenivå og organisering har blitt tillagt overdreven betydning. Forhold som skolestørrelse, skolebygninger og økonomi betyr alene svært lite for elevenes læringsutbytte. Det som utgjør den avgjørende forskjellen, er læreren ...»

## 2.8. Folkehelse og arbeidsmiljø

Folkehelse er eit satsingsområde i Bømlo kommune. Folkehelsearbeid handlar om den innsatsen vi gjer for å påverke faktorar som får konsekvensar for livskvalitet og trivsel, i dag og i framtida. Gjennom politikk og planlegging skal kommunen vår vise tiltak for å verne oss mot helsetrugsmål og jamne ut uønskte sosiale skilnader. I følge kommuneplanen sin samfunnssdel skal all planlegging basera seg på FN sine berekraftsmål og tre grunnleggande prinsipp [Kommuneplanen sin samfunnssdel \(PDF, 3 MB\)](#):

- All planlegging skal vera berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vera helsefremjande
- All planlegging skal leggja «føre var»-prinsippet til grunn

Helsefremjing inneber at materielle og sosiale kvalitetar har positiv påverknad på helsa. Folkehelselova og grunnlagsdokument om folkehelse i Bømlo kommune ligg til grunn.

[Kunnskapsdokumentet «Bømlo i dag – eit samfunn i endring – status og hovudutfordringar 2023-2034» \(PDF, 8 MB\)](#)

## [Grunnlagsdata for folkehelseoversikt Bømlo - Statusdokument 2019-2023 \(PDF, 4 MB\)](#)

God helse heng saman med tryggleik, meistring, sosialt liv, fysisk aktivitet og eit sunt kosthald. Sunne skulebygg med godt inneklima og variert aktivitet gjennom skuledagen fremjar læring.

Tilrettelegging for aktiv skule, med gode uteareal som innbyr til variert fysisk aktivitet, samt hjartesoner (trafikkfrie soner kring skulane) kan vera alternative måtar å fremja fysisk aktivitet på, både gjennom skulekvardagen, og på fritida som aktive møteplassar for nærmiljøet.

Tilhørsle og vene er viktig for å trivast. For mange vil det kjennast trygt å gå på ein skule i nærmiljøet, mens andre kan ha vanskar med å finna vene med same interesser på ein liten skule. Alle barn/ungdom bør ha høve til å delta på idrettsaktivitetar, då det fremjar både psykisk og fysisk helse. Tilboda på Bømlo bør sjåast under eitt, slik at alle kan finna noko som høver for dei. Utrygge vegar og manglende kollektivtilbod er i dag ei barriere mot deltaking og sosial kontakt. Ved godt utbygde gang- og sykkelvegar og godt kollektivtilbod vil ikkje transporttid og skulestørleik vera vesentlege faktorar for skulekvardagen eller fritidstilbodet i eit folkehelseaspekt.

### [Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar](#)

Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar har som føremål "å bidra til at miljøet i barnehager, på skoler, skolefritidsordninger og leksehjelordninger fremmer barns og elevers helse, trivsel, lek og læring, samt at sykdom, skade og alvorlige hendelser forebygges" og har sin heimel i folkehelselova og tobakksskadelova. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskrifa. Dette gjeld og for nye anlegg. Det er kommunelegen som er godkjenningsmynde i Bømlo kommune.

Skular som er godkjende etter forskrift om helse og miljø: Alle er godkjende.

Skular som ikkje er godkjende etter forskrift for helse og miljø og skal søka kommuneoverlegen om godkjenninng:

Våge skule hadde tilsyn 22.09.23. Det vart avdekka 3 avvik på lov eller forskrift med heimel i lov. Alle er knytt til toalett og graderobetilhøve. Avvika må utbetrast snarast råd. I tillegg har rapporten ein merknad om at skulen har eit fuktproblem og at det er auka risiko for ny oppvekst av muggsopp. Merknad er ikkje eit lovbro som krev retting, men må takast omsyn til for å førebygge avvik. Ved teikn til ny vekst av muggsopp er det representera eit avvik som må rettast omgåande.

### [Arbeidsmiljølova](#)

Alle tilsette ved skulane skal oppleva ein god arbeidsplass med arbeidsforhold som oppfyller krav etter arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova skildrar mellom anna krava til det fysiske arbeidsmiljøet for dei tilsette i skulane.

## **2.9. Krinsgrenser og nærskuleprinsippet**

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på sin nærskule. Dette står i opplæringslova §2-6:

«Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen legge særleg vekt på

kva skole som ligg nærest heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktihøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.»

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ei rekke tilhøve omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som t.d. topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. Det kan også leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen.

Kommunen kan avgjera kva som er nærskulen i ei rettleiande forskrift om skulekrinsgrenser. Ei slik rettleiande forskrift kan likevel ikkje hindra at ein elev kan krevja å få gå på sin nærskule. Kapasitet på skulen kan berre få betydning for skulekrinsen/nærskulen når det kan dokumenterast at ein skule er full. Opplæringslova § 8-1 første ledd andre pkt. gjev kommunen heimel til å fastsetja forskrifter; «om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.» Denne forskritsheimelen er først og fremst gjeve for at det skal vera føreseieleg for innbyggjarane kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til, samt styra den kommunale saksbehandlinga og sikra likebehandling. Forskrifta vil også vera sentral ved klagebehandling, der kommunen vert gjeve høve til å synleggjera for Fylkesmannen korleis nærskuleprinsippet er ivaretake.

Bømlo har definert skulekrinsgrenser i «Forskrift om krinsgrensar for grunnskulane i Bømlo», vedteken i Kommunestyret 05.12.2016. Denne rettleiande forskriften om skulekrinsgrenser forklarar korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Forskriften opnar for å legga vekt på subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjerast i den konkrete sak. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsrom eller sjølvstyre å fastsetja forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Uansett kva som vert rekna som nærskulen i høve til lov og forskrift, kan elevar etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd søkja om å få gå på ein annan skule enn den elevane soknar til. I motsetjing til avgjerder etter § 8-1 første ledd, vil vedtak om å gå på ein annan skule enn nærskulen, jf. opplæringslova § 8-1 andre ledd, vera underlagt kommunen sitt «frie skjønn». Statsforvaltaren sitt høve til å overprøva slike vedtak er avgrensa av den ulovfesta forvaltningsrettslege lære om misbruk av mynde.

## **2.10. Nedlegging av skular og endring i krinsgrenser**

Nedlegging av ein skule vil føra til store endringar for elevane som går på den skulen, og det vert ofte stort engasjement for å behalda nærskulen. Det var tydeleg ved førre skulebruksplanrullering i 2022 og difor vart saksbehandlinga gjort grundig. I høyringa og gjennom folkemøte i krinsane kom elevane og føresette samt bygda sine synspunkt godt fram. Desse er kjende for kommunestyret og det vert lagt til rette for ei ny høyring ved handsaming av denne planen.

Vedtak om skulenedlegging vil naturleg medføra endring i krinsgrenser. Rettsleg sett er skulenedlegging og nye krinsgrenser to saker når kommunen har utarbeidd ei forskrift om krinsgrenser, slik Bømlo har. I Utanningsdirektoratet sitt rundskriv *Behandlingen av saker om skulenedleggelse og kretsgrenser Udir-*

2-20126, vert det presisert at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som vert råka av nedlegging før det vert gjort eit vedtak.

Barnet sitt beste skal vera vurdert.

## **2.11. Andre opplæringstilbod**

### **2.11.1. Bømlo vaksenopplæring (BVO)**

Bømlo vaksenopplæring tilbyr opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar, introduksjonsprogram for nykomne flyktingar i kommunen og førebuande opplæring for vaksne. BVO har rettleiingsteneste for vaksne som ynskjer hjelp til søknad om godkjenning av utanlandsk utdanning, realkompetanse og karriererettleiing. Vaksenopplæringa samarbeider tett med næringslivet i kommunen og tilbyr ei rekke kurs.

BVO held til i leigde lokale i Svartland sentrum (andre høgda i Jernabygget) og har eigna undervisningsrom for deltakarar og arbeidsrom for tilsette.

### **2.11.2. Bømlo kulturskule**

Ny opplæringslov gjeldande frå august 2024 seier at:

#### **«§ 26-1.Kulturskole**

Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet.

#### **§ 26-2.Formålet med kulturskolen**

Kulturskolen skal leggja til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.»

Bømlo kulturskule er ein frivillig skule med tilbod retta primært mot unge i alderen 0-20 år. Kulturskulen held til i gode lokale i Bømlo kulturhus. Skulen har eigne øvingsrom for instrumentalopplæring, kunstrom, dansesal og blackbox-teater. Kulturskulen har totalt mellom 500 og 600 elevar.

Bømlo kulturskule har ei rekke tilbod innan musikk, dans, teater og biletkunst. Skulen har også tilbod i tilrettelagt undervisning i musikk og biletkunst samt kunstterapi. Det vert gitt instrumentalopplæring på følgjande instrument: Piano, tangentinstrument, ulike gitarar, strykeinstrument og blåseinstrument. Opplæring på strykeinstrument rekrutterer til Bømlo Strykeorkester. Opplæring på messinginstrument, treblåseinstrument og slagverk er knytt opp til skulekorpsa i kommunen.

## 3. Barnets beste-vurdering

FN sin konvensjon om barnet sine rettar seier at

«Barn har rett til fritt å si sin mening i alle saker som angår dem. Voksne skal lytte til og ta barnets mening på alvor.»

og

«Når voksne bestemmer noe, skal de alltid tenke på hva som er best for barna. Myndighetene skal sørge for at barn blir beskyttet og passet på av foreldrene sine eller andre voksne når det er behov for det. Myndighetene skal sørge for at de som passer på barn gjør en god jobb».

Stortinget tok i 2014 barn sine rettar inn i Grunnlova § 104:

«Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn».

Opplæringslova § 10-1 Det beste for eleven seier at:

«Ved handlingar og avgjærder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.»

Barn har rett til å bli høyrde i alle saker som handlar om dei. Å lytta til barn kan gi nødvendig kunnskap i prosessar samstundes som me sikrar barna deira rettar. Ulike barn vert påverka på ulike måtar. Barn er heilt avhengige av voksne for å få dekka sine behov og utvikla seg på ein god måte. Dette gjer barn til ei heilt spesiell gruppe, og voksne har eit særleg ansvar for å oppfylla rettane deira. Rettane i Barnekonvensjonen legg grunnlag for å sikra barn optimal utvikling.

Som ein viktig del av planen skal kommunen difor gjera ei barnets beste-vurdering. Ein skal vurdera omfang av evt. konsekvensar for barn, rettar barn har som vert påverka, medverknad, tiltak som kan vera beskyttande faktorar, og barnet sitt beste.

Endringar i samband med ny skulestruktur vil påverka barn i dei krinsane der det er foreslått nedlegging eller samanslåing av skular. Det vil påverka både enkeltbarn og grupper av barn sidan det handlar om ny nærskule eller at nærskulen til barnet vert større i tal elevar og kan henda fysisk utforming. Det kan handla om både direkte og indirekte konsekvensar for ulike barn. Barn sin skuleveg og ev. behov for skyss kan også endra seg ved nedlegging av skular.

### 3.1. Konsekvensar for barn

Alle barn har rett til gratis grunnsdanning og alle har rett på eit godt og trygt læringsmiljø. Dette gjeld uavhengig av korleis Bømlo kommune organiserer skulane sine.

Det er skuleelevar og barn i barnehage som blir påverka av vedtak om nedlegging av skular. Ulike tiltak påverkar barn ulikt. Barn med risikofaktorar knytt til seg, også omtalt som særleg sårbare barn, er enkeltelevar som kan bli påverka av endring i skulestruktur i større grad enn andre.

Ved endringar i skulebruksplanen vil dei elevane som må byta skule oppleva direkte konsekvensar, og andre elevar indirekte konsekvensar t.d. fleire elevar på trinna ved mottakarskular, endring i skulebygg, og vener kan få elevplass ved ulike nærskular.

For dei som må byta skule kan fleire konsekvensar vera negative:

- Lengre reiseveg til skulen: Nokre elevar kan få behov for skyss dersom det er for langt til å gå eller sykla. Dei kan mista ein sosial arena og høve til fysisk kvardagsaktivitet. Ved lang reiseveg kan det føra til tidlegare morgenar, lengre dagar og mindre tid til lekser og fritidsaktivitetar. Auka reisetid kan også føra til at dei er trøttare og mindre konsentrert i undervisninga.
- Mindre tett lokalt nettverk: Elevar som byter frå ein liten skule med aldersblanda grupper med eit lite og tett sosialt miljø, vil kanskje ha mindre kontakt med desse på ein større skule der det er mange på sitt eige trinn. Skulen fungerer gjerne som ein viktig sosial møteplass i bygda og kontakten med nettverket elles kan også bli redusert.
- Overgangen til ein ny, større skule kan vera utfordrande, spesielt for barn med risikofaktorar knytt til seg, og som treng gode stillas i overgangar. Nye lærarar og nye SFO tilsette kan føra føra til at dei vert meir utrygge.
- Redusert foreldreinvolvering: Foreldre kan ha vanskelegare for å delta i aktivitetar på skulen og foreldremøte på grunn av lengre avstand til skulen. Mindre involvering kan påverka barn si oppleving av støtte og engasjement frå foreldra.
- Risiko for utanforskap: Overgangen til ein større skule kan auka faren for utanforskap viss elevane opplever at dei ikkje er ein del av det sosiale fellesskapet på den nye skulen. Samstundes kan ein liten skule også vera sårbart viss ein ikkje finn nokon å vera vener med.

Andre konsekvensar av byte til ny skule kan vera positive:

- Spennande med ny skule og fleire vener: Å gå på ein skule med fleire elevar på same trinn vil gje høve til å knyte nye vennskap og finne fleire som ein leikar godt saman med og deler interesser med.
- Meir variert læringsmiljø: Ein større skule kan ha både meir varierte fysiske læringsareal og læremiddel, men også eit større fagmiljø der lærarane har høve til meir samarbeid og erfaringsutveksling. Spesielt i ungdomskulen vil ein større skulle kunne tilby fleire valtilbod innan språk og valfag.
- Ny møteplass i eit utvida nærmiljø: Den nye skulen kan ha aktivitetar og eit fysisk miljø som gjev høve til andre fritidsaktivitetar og møteplassar.

Barn er ulike og konsekvensen av eit byte vil opplevast ulikt. Det er i overgangfasen dei negative konsekvensane er sterkest. Dei fleste barn er tilpassingsdyktige og vil med god støtte frå foreldre og skule finna seg til rette med nye vanar.

### **3.2. Kunnskap om kva barn sjølv meiner**

I høyringsperioden vil vart det lagt til rette for å høyre kva elevane på dei ulike skulane meiner gjennom prosessar i elevråda på dei skulane og gjennom felles møte for elevråda og ungdomsrådet.

I uttale frå ungdomsrådet og elevråda på ungdomsskulane konkluderer dei med at «Generelt sett stiller ein seg negativt til samanslåing av ungdomskulane, men ser både positive og negative sider ved det.»

Dei peikar på desse ulike faktorane:

1. Lange reisevegar og konsekvensar for det sosiale miljøet. Elevane er uroa for konsekvensane av å flytte til ein større skule, spesielt med tanke på lang reiseveg. Dette påverkar både tida dei har til fritid, sosial omgang og søvn, og vil kunne splitte opp lokale miljø og føre til at elevar misser tilhørsel til sitt nærområde.
2. Forståing for strukturelle utfordringar og økonomiske fordelar. Ungdommen forstår samtidig at elevmangel gjer det utfordrande å oppretthalde dagens skulestruktur. Ein større skule kan gi økonomiske fordelar og frigjere ressursar til betre undervisningsutstyr og meir varierte fagtilbod, noko som vert sett på som positivt. Elevane ser allereie i dag at därlegare økonomi påverkar kvardagen på dei ulike skulane.
3. Behov for betre transporttilbod. Elevane påpeikar at eit betre busstilbod er heilt naudsynt dersom denne skulestrukturen skal realiserast. Busstilboden må bli meir påliteleg og tilpassa elevane sitt behov. Ungdommane i frå heile øya ønskjer seg eit betre transporttilbod på ettermiddag og kveld for å kunne vera med på fritidsaktivitetar.
4. Variert læring og fokus på praktiske fag. Ungdommane ønskjer variert læring, med meir praktisk erfaring i undervisninga. Å jobbe praktisk vert sett på som avgjerande for å auke både motivasjonen og læringsutbyttet, og ein større skule må tilby dette.
5. Fokus på mobbing og det sosiale miljøet. Med fleire elevar samla, må ein ha gode rutinar og ressursar for å førebygge mobbing, slik at alle får ein trygg og inkluderande skulekvar dag som styrker det sosiale fellesskapet.
6. Behov for lærarar med høg kompetanse. Elevane understrekar kor viktig det er å ha dyktige lærarar med god fagleg kompetanse. Dei ser det som ein stor fordel om ein større skule vil kunne tiltrekke seg lærarar med spesialisert kunnskap innan ulike fagområde, noko som kan løfte kvaliteten på undervisninga.

Elevrådet på Hillestveit har peikt på mange av dei same punkta i sitt høyringssvar, men er tydelege på at dei trives på skulen sin og opplever at dei har eit godt læringsmiljø og sosialt miljø. Dei uttrykkjer også at dei er uroa for bygda si, og for kva konsekvensar flytting av ungdomstrinnet vil ha for rekruttering til næringsliv og busetjing.

Elevrådet på Foldøy skriv at dei har snakka med alle på skulen og at dei vil understreka følgande punkt:

- Elevundersøkinga viser år etter år at elevane ved skulen trives svært godt, har lite eller ingen mobbing og jobbar aktivt for å vera inkluderande med alle.
- Læring. Dei jobbar mykje med faga på tvers av trinn og lærer mykje av dei eldre elevane som får høve til å dela kunnskap med yngre. Fadderordninga har høg status og prioritering og dei største elevane er og flinke til å inkludera dei nye 1.klassingane i leik. Det er god arbeidsro i timane.
- Elevane ved skulen har kort og ikkje minst trygg skuleveg.

- Mange gode felles opplevingar på tvers av trinn sidan det er få elevar til dømes turdagar, lokalhistoriske veker og andre prosjekt gjennom året.
- Elevane likar dei vaksne på skulen som er ikkje for strenge og heiar elevane fram.
- Elevane likar seg på Foldrøy skule og ynskjer ikkje noko nedlegging. Dei er glad i skulen, og får god hjelp og støtte i undervisninga. Skulen er også ein viktig sosial møteplass.

Elevråda ved Svortland skule og ved Bremnes ungdomsskule som skal ta imot elevane frå Hillestveit, Moster og Foldrøy har også gitt høyringssvar.

På Svortland skule er dei positive til å ta imot fleire elevar og skriv at dei og lærarane er vane med og flinke til å ta imot nye. Dei er usikre på om det kan bli trongt i garderober, i gymsalen og ballbingen som er små. Dei lurer også på SFO bygg viss det blir fleire elevar, på om elevane frå Foldrøy har nokre leiker dei kan ta med, og om dei kan få oppgradert uteområdet sitt viss dei vert fleire elevar.

På Bremnes ungdomsskule er også elevrådet positivt innstilt til å ta imot elevane frå Hillestveit til hausten, og har snakka om korleis dei skal ta imot nye elevar på ein god måte. Dei fleste opplever at det allereie er trongt både i klasserom og i fellesareal. På 8. trinn er dei urolege for at klassane vert delt opp på nytt no når dei har jobba med klassemiljøet og er blitt trygge på kvarandre. Elles er dei uroa kring skuleskyss i dag på grunn av kapasitet, og for elevane frå Langevåg og Espenvær som får særslig skuleveg.

### **3.3. *Tiltak for å trygga elevar ved endringar***

Bømlo kommune har ein plan for overgang frå barnehage til skule, og skulane har prosedyrar for overgangar mellom dei ulike trinna, samt over i vidaregåande skule. Bakgrunnen for det er at me veit at overgangar kan opplevast som krevjande for nokre barn og unge, og det er såleis viktig at me sikrar at desse vert så mye som mogeleg barn opplever dette som trygt. Kunnskapen i desse planane må me nyta når me planlegg for endringar i skulestrukturen. Slike endringar vil krevja ein ekstra innsats frå kompetente tilsette både på dei skulane elevane skal flytta frå og mottakarskulane saman med hjelpe-tenesta vår, for å laga gode rammer og trygga elevane i overgangen. I tillegg er det viktig med god informasjon til føresette slik at dei kan vera med å skapa den naudsynte tryggleiken elevane treng. Ein god prosess med god medverknad er viktig samt at dei vaksne framsnakkar det nye skuletilbodet. For å skapa gode rammer rundt overgangen treng skulane naudsynt tid. Dess nærmere avgjerd kjem tidspunkt for overflytting, dess mindre tid har ein til å leggja til rette for at det vert gjort på ein god måte.

### **3.4. *Vurdering***

Avhengig av alder på elevane og andre føresetnader som til dømes tilpassingsevne, kan overgangar vera utfordrande. Dei aller fleste elevane opplever dette i overgangen frå barnehage til skule, frå barneskule til ungdomsskule og over til vidaregåande skule. Kommunen har planar for desse overgangane. Nokre barn opplever fleire skulebyte som følgje av flytting, skilsmisse, at dei søker om skulebyte på grunn av

mistrivnad eller mobbing. Elevane er meir vane med endringar i dag enn for ein del år tilbake, og skular og klassar har rutinar for korleis dei møter nye elevar. For dei fleste går tilvenninga til ein ny skulekvardag bra, men for sårbare barn er slike endringar meir krevjande.

Det er ikkje ønskeleg å utsetja barn for fleire overgangar enn nødvendig. Dei aller fleste likar best stabilitet og trygge føreseielege rammer. Sidan gruppene med barn er sett saman av ulike enkeltbarn, vil det vera umogleg å seia kor mange det ev. kan ha positiv konsekvens for, i form av større leikemiljø og større fagmiljø blant dei vaksne til dømes. Ulike barn vil oppleva endring ulikt.

I kapittel 2.7 som omtalar nyare forsking finn ein ikkje at skulestorleik har samanheng med læringsresultat, trivsel eller mobbing. Alle elevane har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring uavhengig av kor stor skule ein går på.

På grunn av endringane i demografi med færre barn og unge og fleire eldre vil kommunen framover måtte tilpasse skuledrifta til den økonomien kommunen har. Då må ein vurdera kva som er barns beste for alle elevane i kommunen. Mange små skular er dyrare å drifta og den strukturen me har no er ikkje berekraftig når rammeoverføringane frå staten til opplæring vert mindre. I tillegg må me førebu oss på ei framtid der det kan bli vanskelegare å rekruttera nok utdanna lærarar og miljøarbeidrarar. Allereie no er det krevjande å få tak i vikarar ved sjukefråvær til alle skulane.

Når barns beste vert vurdert må ein difor også sørga for at alle elevane, uansett kor dei bur i kommunen, får eit godt opplæringstilbod. Det er ikkje forsvarleg å skjera ned ytterlegare på rammene til drift, utan å gjera endringar på struktur. Då vil kommunen bryta lærarnorma på fleire av skulane.

## 4. Berekraftig organisering

Når skuleeigar skal vurdera ei berekraftig organisering av skuletilbodet i Bømlo i eit lengre perspektiv er det fleire element som må vurderast:

**Demografi:** Elevgrunnlag og framtidig utvikling i kommunen. Elevtalet fram til 2030 med unntak av flytting inn og ut av kommunen er kjent. SSB har folketalsframskrivingar og Norconsult laga prognosar for dei ulike krinsane i 2021. Endringane i demografi framover fører til at det vert ein stor nedgang i elevtal i løpet av dette tiåret og ein markant auke i tal på eldre. Nedgangen i elevtal er ulik i dei ulike krinsane og får påverknad på korleis strukturen bør vera framover.

**Geografisk dekning og reisetid:** Skulekapasiteten i ulike delar av kommunen, reiseveg og reisetid må vurderast med omsyn til trivsel, helse og læringsutbytte. Busetnaden i Bømlo er spreidd, men i hovudsak knytt til dei større bygdene i kommunen. På grunn av satsinga på vegnettet dei siste åra har reisetida mellom bygdene blitt redusert og vegane er blitt sikrare. Det gjer transport av elevar meir effektiv og tryggare.

**Læringsmiljø og fagleg tilbod:** Skulane må kunne tilby eit godt læringsmiljø med variert og tilpassa undervisning. Det inneber tilstrekkeleg lærartettleik, kompetanse og eit tilstrekkeleg utval av fag og tilpassa opplæringstilbod for alle elevar. Bømlo er no på lærarnorm i tildelinga av ressursar til skulane. Ved ytterlegare kutt i budsjettet utan strukturendringar, vil fleire skular ligge under lærarnorm. Framover vil nok kvalifiserte lærarar bli ei utfordring. Sidan færre unge vel lærarutdanning og nedgangen er markant på HVL, der vår kommune rekrutterer flest nyuttanna frå, er det viktig at me har gode fagmiljø som er attraktive for nye lærarar. På ungdomstrinnet spesielt er det utfordrande å tilby eit godt utval språk og valfag på mindre skular på grunn av økonomi og mangel på kompetanse.

**Økonomisk berekraft:** Kommunen må vurdere organisering av skulen med tanke på kortsiktige kostnader og langsiktig økonomisk stabilitet, med omsyn til driftskostnadene, bygningsvedlikehald og investeringar. Med reduksjon av overføringer til skule (som følgje av nedgang i elevtal) og ein vanskeleg økonomisk situasjon har det over fleire år vorte redusert i kostnader med eit såkalla ostehøvelprinsipp. Nokre større skular driv kostnadseffektivt og «subsiderer» såleis mindre skular. Den viktigaste kostnadsdrivaren for skule er tal på stillingar og ved å ha flest mogleg fulldelte skular med større klassar på kvart trinn vert det rimelegare for kommunen. Sjølv om driftskostnadane ikkje er like avgjerande som personalkostnadene, så er drift av fleire skulebygg dyrare og administrasjonskostnadene er relativt sett større på mindre skular.

**Skulebygg og infrastruktur:** Skulebygga må vere i god stand og tilpassa dagens krav med tanke på energibruk, miljøstandardar og digital infrastruktur. Dei fleste skulebygga i kommunen er i god stand og godkjende etter tilsyn i følge Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar. Våge skule er i dårlegast stand og her er det politisk vedteke å byggja ny skule, men prosessen er blitt utsett på grunn av diskusjon rundt løysing og økonomi.

**Inkludering og sosialt miljø:** Skulane bør vere utforma slik at dei fremjar inkludering av alle elevar, uavhengig av bakgrunn, føresetnader og særskilte behov. Den ordinære skulen skal romma alle elevane, også dei som treng tilpassing eller har individuelle rettar etter opplæringslova, til dømes tilrettelagd opplæring / personleg assistanse / fysisk tilrettelegging og forsterka opplæring i norsk. Individuelle tiltak

er ressurskrevjande og det krevst at kommunen framover prioriterer ressursane rett for å ivareta barn med risiko, førebyggja og fremja god helse og utvikling gjennom god undervisning og tidleg innsats. Me må ha fokus på å styrka handlingsrommet i fellesskapet og redusera individuelle tiltak, noko som er vanskeleg i høve til innbyggjarane sine forventningar. Nye lover, rettleiarar og anna legg føringar for kommunen si plikt og den enkelte sin rett. Det er eit gap mellom individuelle ønske og behov og den kollektive tiltakskapasiteten. Kommunen må difor framover prioritera ressursane mot innhaldet i skulen meir enn strukturen.

**Miljømessig berekraft:** Kommunen må vurdere korleis skulestrukturen påverkar miljøet t.d. energiforbruk i skulebygg, transportbehov for elevar og tilsette, samt korleis ein kan bruke fornybare ressursar og redusere klimagassutslepp. Når elevane får lengre veg vil enda fleire verta avhengige av skuleskyss.

**Samfunnsutvikling og lokalsamfunn:** Skular er ofte viktige sosiale og kulturelle møteplassar og ei berekraftig løysing må balansere mellom effektive skuleløysingar og livskraftige lokalsamfunn. Viss ei bygd ikkje lengre har skulen som sitt naturlege samlingspunkt bør det vera ei god dialog med grenadautval og andre lag og organisasjonar for korleis ein framleis kan leggja til rette for eit godt lokalmiljø der ein tar vare på tradisjonar og møtepunkt i bygda. Fleire bygder har opplevd skulenedlegging tidlegare, men har klart å ta vare på identiteten sin og samhaldet i bygda ved å halda på og skapa nye sosiale arenaer.

## 5. No-situasjon og behov

Føremålet med skulebruksplanen er å gje ein god oversikt og eit godt kunnskapsgrunnlag for å planleggja for bruk og utvikling av skulane i Bømlo kommune. Planen må ivareta både ei berekraftig organisering for kommunen med tanke på inntektsgrunnlaget og eit godt og inkluderande opplæringstilbod for alle. Skulebygga våre skal vera godt vedlikehaldne og funksjonelle for elevar, tilsette og skuleeigar sine behov.

Elevtalsframskrivinga viser at elevtalet går raskare ned enn det som var kjent ved førre rullering. Elevtalet har over lengre tid vore vel 1700 elevar i kommunen. Skuleåret 2021/22 var det 1716 elevar og i inneverande år er det redusert til 1634 (pr. 19.09.24). Bømlo har i dag ni grunnskular. Det er god kapasitet på dei fleste skulane, med unntak av Meling skule. Bremnes ungdomskule er den nyaste skulen og vart bygd i 2018 for 450 elevar med 5 klassar på kvart trinn. Moster skule stod ferdig i 2009 og er bygd med plass til to parallellear på kvart trinn. Våge skule har behov for nybygg på grunn av därleg inneklima, elles er dei andre bygga i god stand, sjølv om nokre skular har behov for ombygging eller påbygging for å møta dei behov skulen har for tilpassa opplæring eller SFO tilbod (gjeld spesielt Svortland skule).

Kommunen har høgt låneopptak som medfører at det er lite handlingsrom til nybygg og oppgradering av dei barneskulane som har trong for utbetring og vedlikehald. Framover må me nytta kapasiteten i dei skulebygga me har for å redusera driftskostnadene.

Skule:	Situasjonen i dag (skuleåret 2024/2025):		Situasjonen skuleåret 2029/2030:	
	Barnetrinn	Ungdomstrinn	Barnetrinn	Ungdomstrinn
Foldrøy	41		48	
Hillestveit	62	47	51	27
Våge	77		75	
Gilje	74		73	
Rubbestadneset	170		172	
Moster	183	124	152	63
Meling	191		148	
Svortland	292		216	
Bremnes ungdomsskule		373		383
<b>Totalt:</b>	<b>1090</b>	<b>544</b>	<b>935</b>	<b>473</b>

Elevane frå Foldrøy, Våge, Gilje, Rubbestadneset, Meling og Svortland barneskule går på Bremnes ungdomskule på ungdomstrinnet.

Desse tala er framskrivingar av allereie registrerte barn i barnehage og skule, og tar ikkje omsyn til flytting inn og ut av kommunen. Generelt har me sett at kvart kull til vanleg har auka med mellom 20 og 40 elevar i tillegg til dei som er fødde i Bømlo kommune (sjå tabell under). Det endrar difor ikkje elevtalet i Bømloskulen vesentleg, og det er få nye barn i kvar krins. Reduksjonen på dei neste 5 åra er truleg på over 300 elevar. Slik det ser ut no vil elevtalet på barnetrinnet vera nokså stabilt på Meling, Rubbestadneset, Foldrøy, Gilje og Våge, medan Svortland, Moster og Hillestveit får ein markant nedgang. Gilje har hatt ein nedgang dei siste 5 åra frå 108 elevar i 2019/20 til 74 i 2024/2025.

<b>Endring i barnetal som følge av tilflytting / fråflytting</b>				
<b>Fødselsår</b>	<b>Klasse</b>	<b>Tal fødde</b>	<b>Pr. 01.01.24</b>	<b>Endring</b>
2008	10	134	173	<b>39</b>
2009	9	172	198	<b>26</b>
2010	8	154	183	<b>29</b>
2011	7	139	164	<b>25</b>
2012	6	136	174	<b>38</b>
2013	5	139	168	<b>29</b>
2014	4	147	174	<b>27</b>
2015	3	124	151	<b>27</b>
2016	2	140	136	<b>-4</b>
2017	1	122	146	<b>24</b>
2018	BH	113	134	<b>21</b>
2019	BH	120	142	<b>22</b>
2020	BH	122	136	<b>14</b>
2021	BH	119	132	<b>13</b>
2022	BH	103	108	<b>5</b>
2023	0	116	116	<b>0</b>


Bømlo kommune tildeler ressursar til skuledrift etter ein tildelingsmodell kalla rammetimetal. Denne modellen reknar på grunnlag av elevtal, klassetal og vedtak om tilrettelagt undervisning ut kor mange årsverk skulen får til undervisning, skuleleiing og administrasjon. Utrekninga har dei siste åra lagt opp-læringslova og krava i nasjonal lærarnorm til grunn når det gjeld fordelinga av rammetimeressursar til skulane. Det har ført til at det er ein jamnare fordeling mellom små og store skular når det gjeld lærarressursen pr. elev. Stortinget vedtok i 2018 innføring av ein norm for lærartettleik. Frå hausten 2019 vart krava skjerpa slik at det skal i gjennomsnitt vere maks. 15 elevar pr. lærar i 1.-4. klasse og i gjennomsnitt maks. 20 elevar pr. lærar i 5.-10. klasse. Tidlegare hadde kommunen ein tildelingspraksis basert på tidlegare grunnskulelov som hadde føringer for klassedelingstal og som førte til at små og fådelte skular vart favorisert. Framleis er det lærartettleiken betre på dei mindre skulane, men ikkje i same grad. I tabellen henta frå GSI (grunnskulens informasjonssystem) vert dette illustrert (tal for skuleåret 2023/24):

<b>Skule</b>	<b>Småtrinn 1 - 4</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 15 elevar pr. lærar	<b>Mellomtrinn 5 - 7</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar	<b>Ungdomstrinn 8 - 10</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar
Foldrøy	12,5	11,7	
Våge	9,6	17,8	
Hillestveit	10,9	17,2	18
Gilje	11	14,6	
Rubbestadneset	14,4	12,8	

<b>Skule</b>	<b>Småtrinn 1 - 4</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 15 elevar pr. lærar	<b>Mellomtrinn 5 - 7</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar	<b>Ungdomstrinn 8 - 10</b> Lærarnorm: Gjennomsnitt 20 elevar pr. lærar
Svortland	13,2	15,7	
Moster	11,2	18,8	16,7
Meling	11,7	15	
Bremnes u.skule			14,7


Skulen får også tildelt eit driftsbudsjett som skal brukast til kjøp av materiell til undervisning og andre driftskostnadars.

Bømlo bruker i følgje Kostra meir pengar på grunnskule i høve til innbyggartal enn snittet i landet og vår Kostra gruppe. Kommunen ligg også høgare i kostnadars enn nabokommunane våre.




	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Bømlo	14 566	15 600	16 169	17 227
Landet uten Oslo	11 783	12 490	13 057	14 266
Kostragruppe 08	13 178	14 045	14 665	15 855
Stord	12 433	13 449	14 547	16 015
Kvinnherad	14 106	14 404	15 116	16 797
Fitjar	14 016	15 569	16 384	16 929

Når det gjeld skulestorleik, har kommunen eit lågare snitt enn landet og Stord, men høgare enn Kostragruppa og Kvinnherad og Fitjar.



## 5.1. Kart over skulestrukturen i Bømlo kommune



## 5.2. Skulekapasitet

Det er god kapasitet i skulebygga våre med unntak av Meling skule. Denne skulen vart bygd ut med 2 nye klasserom og SFO rom i 2021. Ein del av klasseromma i den gamle delen er ikkje dimensjonert for så fulle klassar som skulen har no. Spesialrom må nyttast til klasserom for å få plass til alle sidan dei dette året har 9 klassar, men berre 8 klasserom. Elevtalet vil gå litt ned på Meling frå skuleåret 2028/2029.

Tabellen under viser om lag kor mange elevar det er plass til på skulane etter klasseromskapasitet.

	Foldrøy	Svortland	Meling	Gilje	Rubbe-stadneset	Våge	Moster	Hilles-tveit	BUS
<b>Elevtal 2024</b>	41	292	191	74	170	77	307	109	373
<b>Kapasitet</b>	80	420	170	150	320	160	450	333	450
<b>Ledig kapasitet</b>	39	128	-	76	150	67	143	224	77

### 5.3. Elevtalsframskrivningar

24/25 per 19.09.2024											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	118	122	133	373
<b>Foldrøy</b>	7	6	4	8	11	2	3	0	0	0	41
<b>Gilje</b>	6	12	10	12	11	14	9	0	0	0	74
<b>Hillesveit</b>	3	4	10	9	8	19	9	13	13	21	109
<b>Meling</b>	26	27	33	30	31	21	23	0	0	0	191
<b>Moster</b>	29	25	19	23	21	27	39	36	46	42	307
<b>Rubbestadneset</b>	26	22	21	26	28	19	28	0	0	0	170
<b>Svortland</b>	28	36	44	34	51	49	50	0	0	0	292
<b>Våge</b>	11	10	11	8	10	16	11	0	0	0	77
<b>Total</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>167</b>	<b>172</b>	<b>167</b>	<b>181</b>	<b>196</b>	<b>1634</b>

25/26 basert på tal henta 19.09.2024											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	124	118	122	364
<b>Foldrøy</b>	8	7	6	4	8	11	2	0	0	0	46
<b>Gilje</b>	13	6	12	10	12	11	14	0	0	0	78
<b>Hillesveit</b>	9	3	4	10	9	8	19	9	13	13	97
<b>Meling</b>	20	26	27	33	30	31	21	0	0	0	188
<b>Moster</b>	18	29	25	19	23	21	27	39	36	46	283
<b>Rubbestadneset</b>	27	26	22	21	26	28	19	0	0	0	169
<b>Svortland</b>	38	28	36	44	34	51	49	0	0	0	280
<b>Våge</b>	15	11	10	11	8	10	16	0	0	0	81
<b>Total</b>	<b>148</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>167</b>	<b>172</b>	<b>167</b>	<b>181</b>	<b>1586</b>

26/27 basert på tal henta 19.09.2024											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	121	124	118	363
<b>Foldrøy</b>	7	8	7	6	4	8	11	0	0	0	51
<b>Gilje</b>	15	13	6	12	10	12	11	0	0	0	79
<b>Hillestveit</b>	9	9	3	4	10	9	8	19	9	13	93
<b>Meling</b>	23	20	26	27	33	30	31	0	0	0	190
<b>Moster</b>	26	18	29	25	19	23	21	27	39	36	263
<b>Rubbestadneset</b>	22	27	26	22	21	26	28	0	0	0	172
<b>Svortland</b>	29	38	28	36	44	34	51	0	0	0	260
<b>Våge</b>	9	15	11	10	11	8	10	0	0	0	74
<b>Total</b>	<b>140</b>	<b>148</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>167</b>	<b>172</b>	<b>167</b>	<b>1545</b>

27/28 basert på tal henta 19.09.2024											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	142	121	124	387
<b>Foldrøy</b>	3	7	8	7	6	4	8	0	0	0	43
<b>Gilje</b>	11	15	13	6	12	10	12	0	0	0	79
<b>Hillestveit</b>	6	9	9	3	4	10	9	8	19	9	86
<b>Meling</b>	27	23	20	26	27	33	30	0	0	0	186
<b>Moster</b>	18	26	18	29	25	19	23	21	27	39	245
<b>Rubbestadneset</b>	25	22	27	26	22	21	26	0	0	0	169
<b>Svortland</b>	33	29	38	28	36	44	34	0	0	0	242
<b>Våge</b>	14	9	15	11	10	11	8	0	0	0	78
<b>Total</b>	<b>137</b>	<b>140</b>	<b>148</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>167</b>	<b>172</b>	<b>1515</b>

28/29 basert på tal henta 19.09.2024											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	118	142	121	381
<b>Foldrøy</b>	6	3	7	8	7	6	4	0	0	0	41
<b>Gilje</b>	5	11	15	13	6	12	10	0	0	0	72
<b>Hillestveit</b>	10	6	9	9	3	4	10	9	8	19	87
<b>Meling</b>	11	27	23	20	26	27	33	0	0	0	167
<b>Moster</b>	19	18	26	18	29	25	19	23	21	27	225
<b>Rubbestadneset</b>	21	25	22	27	26	22	21	0	0	0	164
<b>Svortland</b>	31	33	29	38	28	36	44	0	0	0	239
<b>Våge</b>	9	14	9	15	11	10	11	0	0	0	79
<b>Total</b>	<b>112</b>	<b>137</b>	<b>140</b>	<b>148</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>167</b>	<b>1455</b>

<b>29/30 basert på tal henta 19.09.2024</b>											
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	8.klasse	9.klasse	10.klasse	Total
<b>BUS</b>	0	0	0	0	0	0	0	123	118	142	383
<b>Foldrøy</b>	11	6	3	7	8	7	6	0	0	0	48
<b>Gilje</b>	11	5	11	15	13	6	12	0	0	0	73
<b>Hillestveit</b>	10	10	6	9	9	3	4	10	9	8	78
<b>Meling</b>	14	11	27	23	20	26	27	0	0	0	148
<b>Moster</b>	17	19	18	26	18	29	25	19	23	21	215
<b>Rubbestadneset</b>	29	21	25	22	27	26	22	0	0	0	172
<b>Svortland</b>	21	31	33	29	38	28	36	0	0	0	216
<b>Våge</b>	7	9	14	9	15	11	10	0	0	0	75
<b>Total</b>	<b>120</b>	<b>112</b>	<b>137</b>	<b>140</b>	<b>148</b>	<b>136</b>	<b>142</b>	<b>152</b>	<b>150</b>	<b>171</b>	<b>1408</b>

<b>Utvikling pr. skule 24/25 til 29/30</b>						
Eining	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
<b>BUS</b>	373	364	363	387	381	383
<b>Foldrøy</b>	41	46	51	43	41	48
<b>Gilje</b>	74	78	79	79	72	73
<b>Hillestveit</b>	109	97	93	86	87	78
<b>Meling</b>	191	188	190	186	167	148
<b>Moster</b>	307	283	263	245	225	215
<b>Rubbestadneset</b>	170	169	172	169	164	172
<b>Svortland</b>	292	280	260	242	239	216
<b>Våge</b>	77	81	74	78	79	75
<b>Total</b>	<b>1634</b>	<b>1586</b>	<b>1545</b>	<b>1515</b>	<b>1455</b>	<b>1408</b>

## 5.4. Kostnadar til drift og utbetningsbehov skulebygg

Alle skulane vil sjølv sagt ha kontinuerleg behov for vedlikehald/rehabilitering. Teknisk drift/ bygnings-vedlikehald har ein plan for dette med prioriteringar, kostnadsestimat og iverksetjing.

Basert på eigne erfaringar har det dei siste åra vore sett av ca. 5 millionar årleg til skulebygg. Dette har ført til at skulane i Bømlo har eit jamt godt vedlikehaldsnivå, med noko etterslep på spesialrom/bygg. Tabellen under viser dei større behova som bør løysast:

Bygg	Behov for vedlikehald/rehabilitering	Prisestimat eks.mva:
Bømlohallen	Rehabilitering fyrrom, rensing røyrsystem ventilasjon, Ledlys, energimerking	2 233 709,-
Rubbestadneset skule	Rehabilitering administrasjonsbygg	15 700 000,-
Foldrøy skule	Ventilasjonsanlegg, rehabilitering fyrrom, overgang frå fossil energi	5 500 000,-
Gilje skule	Rehabilitering fyrrom, overgang fra fossil energi	2 500 000,-
Meling skule	Rehabilitering fyrrom, overgang fra fossil energi	2 500 000,-
Svortland skule	Rehabilitering fyrrom, overgang fra fossil energi	2 500 000,-
Våge skule	<i>Vedtak om nybygg</i>	

## 5.5. Basseng

Kommunen har i dag tilbod om skulebading/symjeundervisning i Bømlo Symjehall for alle skulane i kommunen. Det er kapasitet nok til at alle elevane i kommunen får den symjeopplæringa dei har krav på i dei ulike trinna.

Bømlo symjehall har eit opplæringsbasseng på 12,5 m. Det er 0,9 m djupt på grunna og 1,6 m på det djupaste. Det er rampe med rekverk ned til den grunne delen av bassenget. Bassenget held ein temperatur på 32 grader. Dette vert i stor grad nytta til opplæring for barnetrinnet og med elevar som treng tilpassa opplæring.

Symjehallen har også eit 25 meter konkurransebasseng som innfrir krav i høve til internasjonal standard. Bassenget er 25 x 15,5 m, og er 3,8 m djupt på den djupaste delen. Her er 6 banar. Bassenget held ein temperatur på 28 grader. Konkurransebassenget har også sviktbrett på 1 og 3 m, samt hoppetårn på 3 og 5 m.

Det er auka kostnadene til busstransport ved å nytte berre eit basseng, men kostnaden ved å drifta fleire basseng er vesentleg større. Transporttid for dei skulane som har lengst veg til bassenget er utfordrande, men skulane har funne løysingar med direkte skyss kombinert med lån av klasserom eller uteareal ved hallen som fører til at dei ikkje taper unødig undervisningstid.

## 6. Framtidig skulestruktur

### 6.1. Framlegg til endringar i trinn 1

#### 6.1.1 Ungdomskulestruktur

##### 6.1.1.1 Samla alle elevane på ungdomsskuletrinnet på Bremnes ungdomskule

Kommunen har i dag ein ungdomskule og to kombinerte skular (1-10). Samla går det ca. 540 elevar i ungdomsskulen. På Bremnes ungdomskule samlast elevane frå 6 barneskular og det er 4 eller 5 parallellelar på kvart trinn. BUS er dimensjonert for 15 klassar à 30 elevar, 450 elevar totalt. Det er tenkt at kvart trinn har sitt område, med eige fellesområde. Eit av trinnareala har eit ekstra klasserom (9. trinn).

Hillestveit skule har det minste ungdomstrinnet. Elevtalet der har allereie gått markant ned, og vil truleg oppleva ein vidare nedgang fram mot 2030. I inneverande skuleår er dei 46 elevar i 8. – 10. klasse og elevgruppa er delt i to klassar. I 2029/30 er elevtalet 27. Det er krevjande å gje eit godt ungdomskuletilbod til så få elevar. Det er plass til elevane frå Hillestveit på BUS frå skuleåret 2025/26 og det vil då vera 5 klassar på kvart trinn.

Utvikling BUS 24/25 til 36/37 inkl. HIL													
Eining	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35	35/36	36/37
BUS	420	399	404	423	417	410	358	347	354	351	363	326	315

Elevane på Hillestveit vil få lang skuleveg til ungdomskulen. Det er vel 3 mil frå Hillestveit skule til Bremnes ungdomsskule. Det vil føra til lengre skuledagar og mindre tid til lekser og fritidsaktivitetar. Det er god veg på over halve strekninga no, men det er truleg framleis om lag to år til den siste strekninga er ferdig utbetra. Då vil reisetida bli redusert og transporten bli enda tryggare. For å korte ned reisetida med buss må kommunen gå i dialog med Skyss om transport direkte til skulen for at denne skal bli mest mogleg effektiv.

Moster har lenge vore ein to parallelle skule med eit større fagmiljø også på ungdomstrinnet. I inneverande skuleår er dei 124 elevar i 8. – 10. klasse. I skuleåret 2030/31 vil elevtalet vera redusert til 67. Då vil det vera mogeleg å flytta ungdomstrinnet til BUS utan å byggja ut skulen. Det vert då 5 klassar på kvart trinn på BUS og skulen er på maks kapasitet i høve til klasserom. Det vil vera utfordrande med kapasitet på spesialrom som musikk, kunst og handverk, mat og helse og naturfag samt utfordrande med nok arbeidsplassar til lærarane og miljøarbeidarane. BUS har ikkje eigen gymsal og nyttar Bømlohallen til kroppsøving. Det vil vera naudsynt at denne skulen vert prioritert i skuletida til kroppsøving framfor utleige til andre skular.

Utvikling BUS 24/25 til 36/37 inkl. HIL og MOS													
Eining	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31	31/32	32/33	33/34	34/35	35/36	36/37
BUS	544	520	506	510	488	473	444	430	426	424	425	389	369

Elevane frå Moster vil også få lang veg til skulen, men noko kortare enn frå Hillestveit (om lag 19 km). Innan skuleåret overføringsa av elevane er planlagt vil den nye vegen vera ferdig, og transporten kan skje

effektivt og trygt på gode vegar. Likevel vil skuledagane verte lengre, og alle elevane vert avhengig av skuleskyss.

Kostnadane pr. elev på ungdomstrinnet er større enn på barnetrinnet på grunn av krav til fagtilbod i språk og valfag. Krava til kompetanse er større på ungdomstrinnet, og det har vore allereie vore utfordringar med å rekruttera nok kvalifiserte lærarar. Framover vil det truleg verta ei enda større utfordring, og det er lettare å rekruttera kvalifisert personale til eit større fagmiljø. I eit større fagmiljø er det høve til samarbeid i team og det vil ha meir spesialkompetanse for å kunna møta ulike utfordringar.

Ein samla ungdomsskule for heile kommunen gjev alle elevane høve til eit skulebyte i løpet av 10 år, der dei møter nye jamaldringar frå heile øya når dei vert tenåringar. Det vil gje alle ungdommar i Bømlo like moglegheiter for fagleg og sosial utvikling, sidan dei er i same miljø.

#### **6.1.1.2. Innsparing**

Innsparing lønsutgifter	3 670 000
Meirutgifter skuleskyss	- 370 000
<b>Netto innsparing</b>	<b>3 300 000</b>

Innsparinga er estimat berekna ut frå årets budsjett for skulane og den er med årsverknad. Det er berre teke med stillingar til ordinær undervisning, sidan spesialundervisninga følgjer eleven. Driftsutgifter pr. elev til skolemateriell og skulebøker følgjer også eleven. Meirutgiftene til skuleskyss er berekna ut frå det året i femårsperioden som har høgast elevtal. Det er ein føresetnad for innsparinga at flyttinga av elevane ikkje fører til klassedeling på BUS. Der klassedeling er ein konsekvens av overføring av elevar vil innsparinga det året verta redusert. Dette gjeld for 9. trinn i skuleåret 2025/2026 sidan dette trinnet pr. no berre har 4 klassar på BUS. Dei andre to trinna har fem klassar og elevane går direkte inn i eksisterande klassar.

Bakgrunnstabellar som viser grunnlaget for utrekning av innsparinga er lagt som vedlegg til planen.

#### **6.1.2. Barneskulestruktur**

Kommunen har 8 skular med barnetrinn. Samla går det 1090 elevar i Barneskulen. Drift av små få-delte skular er dyrare enn drift av større fulldelte skular pr. elev. I mars vart Utval for levekår gjort kjent med eit scenario der kommunen på sikt berre har fulldelte Barneskular. Vurderingane som låg til grunn for dette scenarioet var å ha ein robust nok skulestruktur med eit stabilt elevtal på alle skulane og eit berekraftig driftsnivå. I denne planen er kunnskapsgrunnlaget for elevtalsutviklinga for alle skulane lagt inn samt kostnadar og krav til tilbodet. Likevel vil ikkje kommunedirektøren fremja alle forslag til endringar på struktur enda, sidan det vil involvera fleire bygder som ikkje var ein del av prosessen i 2022, og som dermed ikkje er utgreidd grundig nok. Samstundes er det enda ein uavklart situasjon kring finansiering av nybygg på Våge.

##### **6.1.2.1. Leggja ned Foldrøy skule og flytta elevane til Svortland skule**

Forslaget om å leggja ned Foldrøy skule vart fremja og utgreidd i 2022. Det var ein god medverknadsprosess og innspela frå høyringa ligg som vedlegg til planen. Elevtalet på Foldrøy er stabilt på vel 40

elevar. Dei er i dag delt i 3 grupper, 1 og 2. klasse, 3. og 4. klasse og 5.- 7. klasse. På grunn av reduksjonar i rammetimetalet over fleire år (som følgje av krav til innsparing) er det i dag lite høve til å dela desse gruppene i fag, og det kan vera krevjande å sørga for at alle elvane i ei gruppe som går over 3. trinn får arbeidd tilstrekkeleg med alle kompetansemåla på sitt nivå.

Skulen har eit tilfredsstillande skulebygg med ein stor gymsal, fint uteområde og eit relativt nytt SFO bygg. Nesten alle elevane kan gå eller sykla til skulen og skulen har ein sentral plass i bygda som samlingspunkt både for familiane som har barn på skulen, men også for resten av bygda. Det vert peika på i mange av innspela at foreldra set pris på at elevane kan gå på ein liten skule med eit trygt skolemiljø. Samstundes er det innspel som fortel om at det sosiale miljøet er lite og at nokre elevar kunne ynskt fleire jamaldrande vene på skulen. Foldrøy skule har gode resultat på elevundersøkinga når det gjeld trivsel og mobbing.

Nærskulen til elevane frå Foldrøy, viss Foldrøy skule vert nedlagt, er Svortland. Det er om lag 9 kilometer frå Foldrøy skule til Svortland skule. Det betyr at alle elevane vil ha rett til skuleskyss. Sidan avstanden er såpass kort vil ikkje elevane få vesentleg lengre skuledag. Likevel er det vanar og rutinar som må endrast for både elevar og føresette.

#### **Samla elevtal frå skuleåret 2025/26 til 2029/30:**

<b>Flytte elevar Foldrøy til Svortland 25/26 til 29/30</b>					
<b>Eining</b>	<b>25/26</b>	<b>26/27</b>	<b>27/28</b>	<b>28/29</b>	<b>29/30</b>
<b>Foldrøy</b>	46	51	43	41	48
<b>Svortland</b>	280	260	242	239	216
<b>Totalt</b>	<b>326</b>	<b>311</b>	<b>285</b>	<b>280</b>	<b>264</b>

#### **Samla elevtal fordelt på klassar 2025/26 til 2029/30:**

<b>25/26 basert på tal henta 19.09.2024</b>								
<b>Eining</b>	<b>1.klasse</b>	<b>2.klasse</b>	<b>3.klasse</b>	<b>4.klasse</b>	<b>5.klasse</b>	<b>6.klasse</b>	<b>7.klasse</b>	<b>Total</b>
<b>Foldrøy</b>	8	7	6	4	8	11	2	46
<b>Svortland</b>	38	28	36	44	34	51	49	280
<b>Total</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>48</b>	<b>42</b>	<b>62</b>	<b>51</b>	<b>326</b>

<b>26/27 basert på tal henta 19.09.2024</b>								
<b>Eining</b>	<b>1.klasse</b>	<b>2.klasse</b>	<b>3.klasse</b>	<b>4.klasse</b>	<b>5.klasse</b>	<b>6.klasse</b>	<b>7.klasse</b>	<b>Total</b>
<b>Foldrøy</b>	7	8	7	6	4	8	11	51
<b>Svortland</b>	29	38	28	36	44	34	51	260
<b>Total</b>	<b>36</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>48</b>	<b>42</b>	<b>62</b>	<b>311</b>

27/28 basert på tal henta 19.09.2024								
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	Total
<b>Foldrøy</b>	3	7	8	7	6	4	8	43
<b>Svortland</b>	33	29	38	28	36	44	34	242
<b>Total</b>	<b>36</b>	<b>36</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>48</b>	<b>42</b>	<b>285</b>

28/29 basert på tal henta 19.09.2024								
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	Total
<b>Foldrøy</b>	6	3	7	8	7	6	4	41
<b>Svortland</b>	31	33	29	38	28	36	44	239
<b>Total</b>	<b>37</b>	<b>36</b>	<b>36</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>48</b>	<b>280</b>

29/30 basert på tal henta 19.09.2024								
Eining	1.klasse	2.klasse	3.klasse	4.klasse	5.klasse	6.klasse	7.klasse	Total
<b>Foldrøy</b>	11	6	3	7	8	7	6	48
<b>Svortland</b>	21	31	33	29	38	28	36	216
<b>Total</b>	<b>32</b>	<b>37</b>	<b>36</b>	<b>36</b>	<b>46</b>	<b>35</b>	<b>42</b>	<b>264</b>

### 6.1.2.2. Innsparing

Innsparing lønsutgifter	4 190 000
Meirutgifter skuleskyss	- 470 000
<b>Netto innsparing</b>	<b>3 720 000</b>

Innsparinga er estimat berekna ut frå årets budsjett for skulane. Det er berre teke med stillingar til ordinær undervisning, sidan spesialundervisninga følgjer eleven. Driftsutgifter pr. elev til skulemateriell og skulebøker følgjer også eleven. Ressursar til SFO vert overført til ny skule på grunn av auka elevtal i SFO. Meirutgiftene til skuleskyss er berekna ut frå det året i femårsperioden som har høgst elevtal. Det er ein føresetnad for innsparinga at flyttinga av elevane ikkje fører til klassedeling på Svortland. Der klassedeling er ein konsekvens av overføringa vil innsparinga det året verta redusert. Dette gjeld for 6. trinn i skuleåret 2025/2026, sidan dette trinnet pr. no har 51 elevar i 2 klassar på Svortland skule.

Viss bygget vert avhenda vil det verte ytterlegare innsparingar på drift. Bakgrunnstabellar som viser grunnlaget for utrekning av innsparinga er lagt som vedlegg til planen.

## 7. Vedlegg

Skulebruksplan 2021-2036: Ikke vedteke i kommunestyret juni 2022 [Microsoft Word - Skulebruksplan 2021 - 2036 utkast 1.5 \(bomlo.kommune.no\)](#)

Forskrift om kringsgrenser for grunnskulane i Bømlo kommune:

[forskrift\\_om\\_kringsgrenser\\_for\\_grunnskulane\\_i\\_boemlo\\_kommune\\_vedteke\\_kommunestyret\\_051216.pdf \(bomlo.kommune.no\)](#)

Aktuelle tabellar frå Kostra for skuledrift

Bakgrunnsmateriale for utrekning av innsparingar

## 8. Kjelder

[Nordahl-rapport-Skolestørrelse-og-sammenheng-med-elevenes-trivsel-og-laering.pdf \(utdanningsnytt.no\)](#)

Solstad, K. T., Andrews, T., & Løvland, J., 2016: Spredt eller samla? [NF 3\\_2016\\_84s \(3\).pdf \(nordlandsforskning.no\)](#)

Skulebruksplan for Stord kommune 2024-2034: [Skulestruktur og skuleanlegg i Stord \(framsikt.net\)](#)